

**Sakshandsamar:**

Birgit Tansøy  
E-post: Birgit.Tansoy@sfj.no  
Tlf.: 90984022

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/8185-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

46408/17

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 13.12.2017

«f1»  
«f3»  
«f4»  
«f5» «f6»

## **Balestrand - privat regulering, Sæle. Kulturminnefagleg fråsegn etter arkeologisk registrering.**

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte arkeologiske kulturminneregistreringar den 12. – 17.10.2017 i samband med oppstart av privat reguleringsplan for Sæle sag i Balestrand kommune.

I alt vart det brukt 48 timar i felt (inkludert køyring til og frå) og 22 timar til etterarbeid. Vedlagt ligg rapport etter kulturminneregistreringa. Faktura etter registreringa kjem i eige brev.

I samband med registreringa vart det gjort funn av to automatisk freda kulturminne innanfor planområdet; ei gravrøys (id 231522) og ein steinring (id 231511) som ligg aust i planområdet.

Frå før er det kjend ei gravrøys (id 60464) om lag midt i planområdet. Vidare er det kjend to gravrøysar like utanfor plangrensa i vest (id 55446 1-2) og ei gravrøys (id 25774) i aust. I samband med registreringa vart det gjort ei tilstandsvurdering av desse tre gravrøysene.

Gravrøys og steinring er automatisk freda kulturminne freda etter lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr 50. jfr. §§ 3, 4 6 og 8. Vi gjer merksam på at det med til eit automatisk freda kulturminne høyrer ei sikringssone, som inntil eit område er særskilt avgrensa, omfattar eit fem meter breitt belte regna frå den synlege ytterkanten til kulturminnet, jfr. Lov om kulturminner § 6.

Basert på resultatata etter synfaringar og arkeologisk registrering, vurderer vi å gå til motsegn mot det vestlege planområdet som ikkje ligg inne i overordna plan. Vi ynskjer bevaring av «Fantehola» som er eit kulturminne av regional verdi. Terrenginngrepet som er tenkt gjennomført i den vestlege delen av planområdet er dessutan så stort at opplevingsverdien til gravrøysene like vest for planområdet vil bli svært redusert.

Fylkeskommunen ynskjer vidare bevaring av den påviste automatisk freda gravrøysa og steinringen i den austlege delen av planområdet.

Vi føreset at dei automatisk freda kulturminna med fem meter sikringssone som ligg innanfor planområdet skal ha omsynssone H730 med eigne føresegner som sikrar at det ikkje vert gjort noko form for inngrep i dei. Vi påpeikar òg at skrot som ligg på automatisk freda kulturminne må fjernast.

### **Bakgrunn, synfaringar og dialogmøte**

Utanom området vest for grova/elva ligg det varsla planområdet inne i kommuneplanens arealdel 2009-2020. Det vestlege området i planen er avsett til LNF.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sende høyringssvar i samband med oppstartsvarslet i 2013 fordi vi meinte det var høgt potensiale for å finne automatisk freda kulturminne i eit område med gravrøysar.

Fantehola, varslingsveten og vaskeplass for fiskenøter vart første gong oppdaga i samband med ei synfaring fylkeskommunen gjennomførte den 27.10.2016. Dette var såleis ikkje kulturminne som fylkeskommunen visste om då vi ga fråsegn til oppstartsvareselet i 2013.

Fylkeskommunen gjennomførte ei ny synfaring den 10.11.2016 av det austlege planområdet og landskapet ikring. Etter synfaringane skreiv fylkeskommunen brev, datert 24.11.2016, til tiltakshavar og kommunen der vi rådde i frå å innlemme den vestlege delen av planområdet i planen på grunn av at det er eit område med stor tidsdjupne. Vi argumenterte for at fjerning av berg og knausar i det vestlege planområdet ville råke eit regional kulturminne, «Fantehola», direkte og få svært negativ konsekvensar for landskapet med gravrøysene og varslingsveten i vest.

Vi gjekk med på utviding mot nord, føresett at det ikkje dukka opp noko meir kulturminne i samband med den varsla arkeologiske registreringa.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte deretter eit dialogmøte i november 2016 i lag med tiltakshavar og kommunen for å komme fram til ei løysing der omsynet til kulturminna og høve til utviding av næringsområdet blir ivareteke. Det vart ikkje konkludert med noko i møtet. Fylkeskommunen ville vente med å meine noko meir, enn det vi alt hadde skrive i brevet av 24.11.2016, inntil den arkeologiske kulturminneregistreringa var ferdig gjennomført.

### **Skildring av dei nyoppdaga automatisk freda kulturminna i planområdet**

ID 231522: Gravrøys som ligg aust i planområdet på ein bergknaus opp frå den dyrka marka. Ho måler ca 4,80 x 3,90 m og er om lag 1,2 meter høg. Røysa ligg skjult bak bergknausen i nord, men er synleg i frå vest. Steinane er nokolunde jamnstore, med større steinar nedst. Mot vest ser røysa noko oppmurt ut.

ID 231511: Steinring som ligg den austlege delen av planen. Sirkelen måler 4 x 3,6 meter og består av åtte store steinar og fleire små steinar. Det kan ikkje utelukkast at steinringen er ein rest av ei gravrøys.

### **Tilstandsvurdering av kjende gravrøyser i og like utanfor planområdet**

ID 55446 1-2: Gravfeltlokaltet med to gravrøyser som ligg like vest for planområdet. Det veks ein del lauv- og bartre på ryggen der røysene ligg som gjer at dei ikkje er så synleg i landskapet. Det går eit gjerde nord-sør midt oppi begge røysene og ved røys 2 er det ein del skrot som skjemmer kulturminnet. Ut over dette er røysene inntakte.

ID 60464: Gravrøysa ligg midt i planområdet med veg på begge sider. Rundt røysa og på røysa ligg det mykje skrot t.d. sprengingssteinar, plater, plankar, jernrøyr og jernstenger. Sjølv gravrøysa er inntakt.

ID 25774: Gravrøysa ligg fint til og er inntakt. Delar av steinane til røysa er kasta ut, men dette er truleg frå røysa si eiga samtid (det var vanleg at dei plyndra gravene i samtida).

### **Nyare tids kulturminne i planområdet**

«Fantehola» ligg aust for grova/elva. Den består av eit innsøkk i ein berghammar der det var vanleg at dei reisande oppheldt seg i kortare periodar. Båten la dei til like nedanfor berget. Området ligg skjerma til for vind og busetnad ikring. Tidlegare før Sæle sag vart etablert, besto heile arealet av ei sandstrand som gav god landingsplass for lettare båtar. Sannsynlegvis var dette ein kjend landingsplass som har vore i bruk i mange hundre år. Kulturminner som Fantehola har vi svært få av i Sogn og Fjordane. Kulturminnet har regional verdi.

Nede ved fjorden, vest for grova/elva, er det eit naturleg søkk i berget som har blitt brukt til vasking av garn i nyare tid.

Det vart registrert tre rydningsrøyser og ein steingard i området vest for grova/elva.

I den austlege delen av planområdet vart det registrert to rydningsrøyser i kanten av åkeren.

### **Vurdering**

Fylkeskommunen, som regional kulturminnemyndigheit, skal kartlegge om kulturminne av særleg regional og nasjonal verdi vert direkte og indirekte råka i planarbeid/tiltak. Vi skal òg sjå på kva verknad det ønska tiltaket har å seie for landskapet som dei påviste kulturminna er ein del av. I tillegg skal vi vurdere om eventuelle tiltak kan medføre skade eller skjemming av kulturminna, eller om det er fare for at slikt kan skje.

Sogn og Fjordane fylkeskommune når i frå ei utviding av næringsarealet mot vest som ikkje ligg inne i overordna plan. Synfaringar og registreringar i området har vist at dette området, inneheld kulturminne med stor tidsdjupne. «Fantehola» som har regional verdi, ligg i dette vestlege området. Kulturminnet vert direkte råka av tiltaket i planen. I tillegg meiner vi at sjølve terrenginngrepet vil ha stor negativ konsekvens for gravfeltet (ID 55446 1-2) like vest for planen. Dersom ikkje den vestlege delen av planområdet, vert tatt ut vil fylkeskommunen måtte reise motsegn til planen når planen kjem på offentleg høyring. Fylkeskommunen ynskjer bevaring av «Fantehola» som har regional verdi.

Heilt aust i planområdet er det påvist to automatisk freda kulturminne; ei gravrøys (id 231522) og ein steinring (id 231511). Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer også at desse kulturminna skal bevarast i planen. Det må setjast av tilstrekkeleg areal med omsynssoner som sikrar at kulturminna og landskapet dei er ein del av blir bevart.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at ei potensiell utviding av næringsarealet berre kan skje i den nordlege delen av planen og ikkje slik at det går ut over gravrøysa id 60464 som ligg midt i planområdet. Denne røysa må ha tilstrekkeleg omsynssone som sikrar kulturminnet.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
assisterande fylkesdirektør

Birgit Tansøy  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:  
Rapport etter arkeologisk registrering

Mottakar (ar)  
Bystøl as  
Sæle sag as Sæle 1 6899 BALESTRAND

Kopi til:  
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND